

JAN RAGNAR HAGLAND

Nye språklege studiar i det eldste brevmaterialet på svensk

Rakel Johnson, *Skrivaren och språket. Skriftspråksbruk, kasus och vokaler i medeltidsbrev på svenska*. (Göteborgs universitet. Institutionen för svenska språket.) Göteborg 2003. ISBN 91-87850-22-2. 319 s.

Språklege studiar av det eldste svenske brevmaterialet er vel ikkje det vi har hatt mest av i nyare tid, så når eit doktorgradsarbeid først ligg føre, er det grunn til også her å vigja det merksemd. Den aktuelle studien søker, er det sagt, å nå ei målsetting om å "göra en noggrann beskrivning av dels kasusböjningen av substantiv, dels bruket av vokaltecken i ordfinala stavelsene i det fornsvenska brevmaterialet" (innleiingskapitlet, s. 15). Grunnlaget for undersøkinga er brevmateriale frå slutten av den "klassiske fornsvenske perioden" — frå 1330 då det eldste bevarte brev på svensk er datert og til og med første halvdel av året 1374 — i alt eit materiale på rundt 650 brev. Ca. ein tredel av avhandlinga går med til etablering av det vi kunne kalla kjeldematerialets 'basisverdi'. Det ganske omfattande kapittel 3 — "Karakteristik av brevkorpussen" er avsett til grunnlagsdiskusjonar omkring sider ved dette materialet — som, må vi gå ut frå, er meint å vera relevant for den vidare (skrift)språklege analysen. Resten av avhandlinga dreiar seg då om ein språkleg analyse — dvs. ein studie av substantivets morfologi følgt av ein studie av markering av vokalar i trykksvak stilling i dette skriftspråksmaterialet. Som eit utgangspunkt for den språklege analysen er det i kapittel 2 om forskningsbakgrunnen og i kapittel 4 om 'Metod och material' søkt å etablera ein teoretisk posisjon for det arbeid som er gjort og denne posisjonens faghistoriske kontekst, kunne vi kanskje seia. Det kan synast rimeleg å sjå det følgjande i forhold til dei to hovuddelane — altså det om basisverdi og analysedelen. Det kan i den samanheng vera eit spørsmål om ikkje også kapittel 7 "Skrivarnas bruk av vokaltecken i ordfinal stavelse" burde reknast inn i dette med etablering av 'basisverdi' for undersøkinga.

Avhandlingens "syfte" meir presist formulert er "att med utgångs-

punkt i det nya forskningsparadigmet göra en noggrann beskrivning av dels kasusböjningen av substantiv, dels bruket av vokaltecken i ordfinala stavelser i det fornsvenska brevmaterialet” (kap. 1.3.). Det nye forskningsparadigmet er då kort skissert som eit nytt perspektiv på ”de medeltida texterna” — eit perspektiv, er det sagt, som i høg grad er inspirert av nordisk, særleg svensk, og internasjonal *literacy*-forskning på ei side. Her står då Inger Larssons relativt nyleg utkomne studie av svenske mellom-alderbrev sentralt. På den andre sida er perspektivet frå den såkalla *nya filologin* — New Philology — nemnt som eit utgangspunkt. Dette sist nemnde perspektivet er særleg inspirert av Roger Anderssons studie frå 1993 over ”Postillor och predikan”, der eit Cerquiglini-inspirert perspektiv på handskriftskulturen som ”variance” er formidla. Det er altså ei ambisisøs målsetting vi har å gjera med. Motiveringa for å ha med den sist nemnde delen av undersøkinga — dette med eit studium av vokalar i ordfinale stavingar — kan kanskje synast litt implisitt ved første blikk. Ei motivering å la den som er gitt i innledninga til kap. 6 hadde nok vore grei å ha med også i presentasjonen av avhandllingens tema og problemstillingar.

Det eg har oppfatta som eit utgangspunkt for Rakel Johnsons prosjekt, er gitt til kjenne mot slutten av kapittel 2.1 — altså i kapitlet om den forskningshistoriske bakgrunnen for prosjektet — der det er sagt slik: ”I forskningen kring fornsvenskans språksystem diskuteras exempelvis sällan stavningsvariationens betydelse för analysen eller vilka faktorer som påverkar textproduktionen. Det finns därför anledning att åter undersöka relationen mellan form och innehåll i fornsvenskans kasussystem.” (s. 21–22). Grunnen til at det er slik, seier forfattaren, er at kobling mellom form og funksjon i beskrivinga av kasusbøyning er uklar i nyare tiders grammatiske modellar, ettersom dei i sine funksjons og betydningsanalysar har bygt på den kasusbøyning som var etablert innom junggrammatikkens paradigme. Dette kan etter mitt syn vera eit tenleg utgangspunkt for det slags studium det her er lagt opp til. I det studiet det er lagt opp til, er det som er kalla eit poststrukturalistisk grep om skriftspråket understreka. Denne målsetting om å ha eit konsekvent skriftspråkleg perspektiv på analysen er også understreka utover i avhandlinga i diskusjonen om det metodiske — jf. I kap. 5.5.1, s. 147 der det er sagt slik: ”Min analys skiljer sig emellertid från den äldre forskningstraditionen på en viktig punkt, eftersom jag betraktar språkmaterialet utifrån ett skriftbruksperspektiv istället för ett ljudhistoriskt perspektiv”. Dette perspektiv og dette metodiske grep må etter mitt syn kunna seiast å vera ein styrke ved avhandlinga, men har likevel kanskje

problem, som vi skal komma inn på etterkvart. Når vi då først er inne på dette med forholdet til den “äldre forskningstraditionen”, kunne det som raskast vera på sin plass å peika på det eg ville sjå som ein interessant parallelle og kanskje til og med beslektet metodisk tilnærningsmåte til eit liknande stoff som det er tale om her — nemleg dansken Anders Bjerrums to arbeid om ”Skånske Lov” og ”De sjællandske Love” frå 1966 og 1967, altså: *Grammatikk over Skånske Lov etter B74* og *Grammatikk over De sjællandske Love etter AM 455, 12°* — det vil seia to framstillingar av grammatikken, og då særleg morfologien, slik den faktisk er realisert i skrift i to middelalderhandskrifter frå ca. 1300. Desse arbeid er ikkje brukte eller nemnde i avhandlinga, men burde vel ha vore det.

Innan vi er komne så langt i vår lesing som til avklaringa om ”syftet” for arbeidet, er det presentert synsmåtar og oppfatningar om tidlegare tiders forskningsparadigme, som det også kunne vera verdt å stansa aldri så lite opp ved. La oss her ta opp det forfattaren seier (på s. 13) om dei konsekvensar junggrammatikkens forskningsparadigme har hatt for bruk og utnytting av det kjeldematerialet som her skal undersøkjast, eller er undersøkt — dette forskningsparadigme, blir det sagt, har hatt som konsekvens ”att de medeltida breven på svenska betraktades som ett mindre användbart källmaterial eftersom det inte ansågs spegla den genuina fornsvenskan”. Det er vel kanskje så. Men, går det vel an å spørja seg vidare her, er dette ein nødvendig konsekvens av det å arbeida innom dette forsknings-paradigmet? Det kunne vel her vera av interesse med eit aldri så lite komparativt blikk på det som må kunna kallast det junggrammatiske forskningsparadigmets bruk av tilsvarande materiale i *norsk* samanheng — altså mellomalderbrev på norsk. I norsk kontekst har som kjent interessa for og bruken av brevmateriale vore heilt sentral i utforskinga av norsk språk fram til ca. 1350 i alle fall, og for så vidt vidare fram i språkhistoria også. Nå kan det naturlegvis innvendast at det eldste norske brevmaterialet dekkjer ein 100-120 års periode tidlegare enn tilfellet er med det svenske materialet. Og det kunne jo kanskje seiast å tilfredsstilla juggrammatikkens søking etter rekonstruksjon av ideale former — det forfattaren (s. 12) kallar søking etter ”urspråket”. Men likevel: Ser vi på måten det norske brevmaterialet er brukt på, ser vi at det først og fremst er søking etter språkleg variasjon det har vore tale om. Metodiske innvendingar mot utføringa av dette er det mange av, men det kan vi la fara her. Eg tenkjer altså på dei ganske omfattande studiar av brevmateriale som Marius Hægstad gjorde frå slutten av 1800-talet og framover av ”Gamalt trøndermaal” og ”Vestnorske maalføre fyre 1350”. Også andre — Trygve Knudsen, Didrik Arup Seip og fleire — la mykje vekt på

brevmateriale i sine studiar av språkleg variasjon. Alle må kunna seiast å ha verka innom eit junggrammatisk forskingsparadigme, om enn ganske implisitt. Min påstand ville då vera at junggrammatikkens forskingsparadigme i beste fall vil kunna seiast å vera eit nødvendig, men slett ikkje tilstrekkeleg vilkår for å forklara den manglande interesse for brev i utforskinga av eldre svensk språk som forfattaren peikar på. Eller sagt på ein annan måte — også innanfor junggrammatikkens forsknings-paradigme ville det vera mogleg å formulera problemstillingar som opna for større bruk av brev som kjeldemateriale enn det forfattaren viser til i den svenske forskingstradisjonen — også såpass ungt materiale som dei bevarte svenskspråklege mellomalderbreva utgjer.

I kap. 2.2. er "Skrivarens skriftbruk" og dei spesifike vilkår for skriftspråket diskutert i ein forskningshistorisk samanheng. Mellom dei arbeid som tidlegare har vore gjorde på spørsmål om skriftspråksnormering i eldre tid, gjer forfattaren, slik eg ser det, eit interessant og på mange vis klargjérande skilje. Det er skilt mellom det som blir kalla "det organiske" versus "det sosiolingvistiske perspektivet" på dette. Her blir Ljubiša Rajić, Jan Ragnar Hagland og Karl Gunnar Johansson nemnde som representantar for eit organisk perspektiv, medan Alexander Zheltukin med utgangspunkt i Renate Bartsch (1987) blir nemnd som representant for eit sosiolingvistisk perspektiv. Det organiske perspektivet på dette med standardisering av skriftspråk i eldre tid er då karakterisert som ein "spontan och oplannerad" framvekst av eit standardspråk — ein framvekst som "närmast (ses) som ett resultat av själva pedagogiken i skriftskolorna och kontakten mellan skrivarna i ett skriptorium" (s. 27). Det sosiolingvistiske perspektivet, heiter det, framhevar meir "ett sosiolingvistisk perspektiv på konventionalisering av ortografi" og dette perspektivet vektlegg, igjen ifølgje avhandlinga, "sociala överenskommelser" og "en konsensus" i ei gitt sosial gruppe (s. 29).

Eg kan langt på veg seja meg enig i synsmåtane som er formulerte i dette kapitlet. Det kan likevel antydst at ei ytterlegare understrekning — muligens også problematisering — av dette 'organiske' perspektivet kunne ha komme til syne om ei melding ein av dei nemnde representante for dette perspektivet skreiv av Renate Bartsch's bok frå 1987, denne *Norms of Language. Theoretical and Practical Aspects*, hadde vore trekt inn i diskusjonen. Dette verket er jo nemnt som teoretisk basis for det alternative perspektivet, det sosiolingvistiske. Artikkelen eg siktar til, er meldinga av Renate Bartsch i *Nordic Journal of Linguistics*, vol. 11, 1988, s. 201–03. Grunnen til i det heile å dra fram denne, er at skilnaden mellom

dei to her nemnde posisjonar kunne både ha vore understreka og problematisert ved hjelp av denne meldinga. Og for å synleggjera at eit såkalla organisk og sosiolinguistisk perspektiv ikkje nødvendigvis står så skarpt i motsats til kvarande, kunne ein kanskje ha trekt inn herverande meldars kapittel "Svenske notarar i produksjonen av norsk dokumentspråk ca. 1360–80" i Gertrud Petersen (red.) *Studier i svensk språkhistoria*. Lundastudier i nordisk språkvetenskap A 41, frå 1988, s. 60–73. Ingen av desse arbeida er nemnde i litteraturlista. Eg vil difor la dette med mogleghe svenska skrivrarar i produksjon av norskspråklege dokument vera nemnt her, ettersom det funksjonelle eller mottakarbestemde skiljet mellom norsk og svensk i dokument frå Magnus Erikson og hans søners administrasjon er tematisert seinare i avhandlinga — i kap. 3 (jf. t.d. s. 37). Om det altså er slik, som det er vist til i den nemnde artikkelen, at svenska skrivrarar, med grunnlag først og fremst må vi tru i brevbøker, var i stand til å produsera dokument — brev — på så godt norsk som vi faktisk ser i eit relativt stor brevmateriale (ca. 40 brev), ville vel framstillinga av det helst innebera eit sosiolinguistisk syn på skriftspråks-normering.

I det omfattande kapittel 3, "Karakteristik av brevkorpussen", er det gått grundig til verks i det å proveniensbestemma eller 'ortsfästa' materialet. Det vil seia å etablera forholdet mellom brev og geografisk skrive-likelighet. Det er eit arbeid som nok har relevans både for spørsmålet om representativitet, som også er reist, og for spørsmålet om eventuell geografisk betinga språkleg variasjon i materialet. Men det er eit arbeid som vel også har ein verdi i seg sjølv for andre studiar uavhengig av spørsmålet om det enkelte brevs basisverdi for språklege studiar.

I avgrensinga av sitt materiale er forfattaren altså inne på spørsmålet om vanskane med å skilja sikkert mellom norske og svenska skrivrarar — særleg dei som arbeidde for Magnus Erikson i hans regjeringstid (s. 36). I den samanheng er det tatt bort ein del brev frå norske skrivrarar som arbeidde for kanselliet i perioden opp til ca. 1350. Dette viser då at norske skrivrarar i nokon grad var aktive i Sverige i denne perioden. Som vi alt har vore inne på, ser også det motsette ut til å ha vore tilfelle — altså at svenska/svenskfødde skrivrarar i alle fall på 1360- og 1370-talet fungerte på norsk område og har skrive på norsk — om enn med mindre innslag av sveicismer. Grunnen til å ta dette fram her er det problemet forfattaren presenterer (s. 37) med å plassera eit bestemt brev i sitt materiale. Der gjeld eit brev datert 3. okt. 1372 i *Vinger*. I samsvar med opplysingar i DS x er det nemnt at det her kan dreia seg om Kongsvinger i Noreg. (Det er vel helst området Vinger som ligg omkring Kongsvinger det er tale

om, men la det fara.) Brevet er med ein viss reservasjon tatt med i korpuset. Når det nå først *er gjort*, kunne det her vera av interesse å visa til at den hand som har skrive dette brevet også må ha skrive to andre kongebrev i tida omkring 1370. Det eine (DN vii: 249) er datert 17. juli 1369 i Ingjaldsvik — i dag Engelsvik i Onsøy ved Fredriksstad, det andre på Dragsmark kloster i Båhuslän den 10. juni 1370 (DN I: 408). Det siste av desse er skrive på gjennomført svensk, det første på norsk. Vi må då kunna spørja oss om vi her har å gjera med ein svensk skrivare som har lært seg norsk, eller om det er tale om ein norsk skrivare som har lært seg svensk. Med grunnlag i studiar av historikaren Grethe Authén Blom har eg gjort framlegg om at det dreiar seg om ein svenskfødd klerk, Hennike Jönsson, som har verka ved Mariakyrkja i Oslo omkring 1370. Dette er likevel svært usikkert. Eg er heller ikkje så overbevist om at denne skrivaren var svensk, som eg var i 1988. Men det er vel mest sannsynleg at så var tilfellet, og det synest legitimt nok å ta med brevet DS x: 150 i korpuset her, sjølv om brevet temmeleg sikkert skal heimfestast til norsk område. For så vidt kunne då også brevet frå Dragsmark kloster vore med, og kan likevel ikke bli annet. Poenget er tatt fram her i tilknytnad til eit generelt aspekt ved problemstillingane i dette kapittel 3 som eg skal prøva å gå litt nærmare inn på i det følgjande.

Eit vesentleg problem med den omfattande proveniensdiskusjonen og alle forsøk på å etablera ei "ortsfästning" for det undersøkte brevmaterialet i den kontekst dei har i denne avhandlinga, er godt formulert av forfattaren sjølv på sidene 110 og 111. Det gjeld spørsmålet om brevproveniensens relevans i forhold til dei problemstillingar som er formulerte for denne avhandling som vi alt har vore inne på (kap. 1.3). Forfattaren gir sjølv uttrykk for dette dilemma på ein utmerkt måte synest eg (s. 110): "Uppgifterna angående brevens ortsfästning behöver dock utifrån den vedertagna bilden av brevskrivaren som en kyrkligt utbildad och mycket mobil person, egentligen inte vara särskilt belysande för frågan om eventuellt regionalt betingade inslag i skriftspråket. På grundval av vår kunskap om hur de medeltida skrivarna arbetade är det mindre sannolikt att språket i breven skulle avspeglar lokalt språkbruk". Og vidare (s. st.): "Det går därför inte att förmoda att breven är skrivna av en lokal skrivare som talar den lokala dialekten i det område där brevet är utfärdat."

Min reaksjon på desse utsegn ville vera: Ja, nettopp! Og spørsmålet vidare blir då: Annulerer ikkje desse betraktingar mykje av poenget med kapittel 3 i den samanheng dei står her? Konklusjonen på kapittel 3 (s. 111) peikar — for den språklege analysens del — nemleg på heilt andre kriterium for etablering av basisverdi for det materiale som skal under-

søkjast enn dei som er utførte og gjort greie for i kapittel 3. Det er sagt slik:

Den utomspråkliga kategoriseringen är alltså enbart ett verktyg för att hypotetiskt gruppera materialet; en indelning som sedan kan ligga till grund för en analys av olika möjliga faktorer bakom språklig variation. Det är således en metodiskt rimlig ståndpunkt att utgå från att brevets dateringsort inte kan säga mycket mer om språkets proveniens förutom att det bevisligen användes vid den ort och den tidpunkt som anges i brevet. Om det finns några möjligheter att urskilja geografiska tendenser i språket vilket i sin tur kan härledas till olika miljöer, får således vara ett resultat av en jämförelse mellan olika brev som på andra grunder än enbart dateringssorten kan proveniensbestämmas till en viss miljö.

Det er med andre ord peika på behovet for proveniensbestemmingar til gitte miljø for å få grep om eventuell språkleg variasjon i materialet, om eg forstår forfattaren rett på dette punkt. I så fall vil eg kunna vera samd i det også. Det ville likevel innebera at ein måtte inn i materialet på handskriftsnivå — noko som eksplisitt er sagt å liggja utanfor dette arbeidets rammer og/eller tidsmessige muligheter. Men altså synest det slått til lyd for studiar av handstilar/skrivarhender av det slaget som vi altså var innom i samband med brevet frå Vinger (DS x: 150). Det vil igjen seia at spørsmålet om dateringsort eigentleg kan setjast til side i den samanheng det er teke opp i avhandlinga, ser det ut som. Men om vi kunne etablira sikkert eit knippe med brev der handstil og skrivarhender kunne samlast og identifiserast med bestemte miljø, ville altså spørsmålet om proveniens, prinsipielt sett kunna tenkjast å ha relevans. Det vil seia: Om hovudproblemstillinga eller hovudsynsvinkelen i avhandlinga var å påpeika og identifisera språkleg variasjon. Det vil nemleg prinsipielt sett kunna tenkjast at systematisk variasjon, t. d. blant "vokaltecknen . . . i ordfinal stavelse" ville kunna påvisast i eit miljøbestemt materiale, men vera løynt og usynleg i eit regionalt identifisert eller avgrensa materiale. Eventuell fri eller usystematisk variasjon innom eit geografisk definert eller avgrensa materiale, vil såleis prinsipielt sett kunna vera tildekkande, der som det eigentleg har lege miljømessige forhold til grunn for ein observert variasjonen. Om det er slik å forstå her, vil det vera problemfritt å få med materiale av typen DS x: 150, som altså av geografiske grunnar har påført forfattaren valgets kvalar. Problem som metodisk sett har med dette å gjera, er tekne opp i kap. 7 — "Skrivarnas bruk av vokaltecken i ordfinal stavelse". Det vil igjen seia mulighetene for skrivaratribusjon og dermed gruppering av brev på tvers av geografiske proveniensbestem-

mingar. I ca. ½ av brevmaterialet som ligg til grunn for avhandlinga, kan skrivarhender med relativt stor sannsynlighet grupperast etter identifiserbare skrivarar, er det sagt i kap. 7. Det vil seia meir eller mindre sikkert identifiserbare, men likevel. Desse identifiseringane i kap. 7 er i hovudsak gjorde med grunnlag i Lars Sjödins studiar frå 1950- og 1960-talet og tilsvarande arbeid av Per-Axel Wiktorsson. Kapitlet gir, etter mi mening, nokre avklaringar på den type problem som er reiste på avhandlingas side 110 og 111 — altså i konklusjonen på provenienskapitlet, som vi allereie har vore inne på. Desse to forhold — proveniens og skrivattribusjon — blir i nokon grad første saman i samanfatningskapitlet — kap. 9. Men eit tydelegare frampeik frå slutten av kap. 3 ville etter mitt syn ha gjort framstillinga klarare og meir koherent — og ville kanskje også ha motivert betre den plass kapittel 3 har i avhandlingssammenhengen. Ein får vel ei kjensle av at dette kan ha noe å gjera med avhandlinga genese — altså at poenga frå det nemnde kapittel 7 har komme til etter at kapittel 3 er gjort klart, men utan å ha fått nokon slags tilbakeverkande kraft på dette. Om vi då går vidare til avhandlingas kapittel 4 "Metod och material", så får vi ein presentasjon av utvalskriterium for dei substantiv som skal danna basis for studien av kasus i det etablerte korpuset. Det er gjort på ein oversiktleg måte, der dei overvegingar som er gjorde kring det å bestemma slikt som 'genustillhörighet', numerus og kasus i substantiv ut frå funksjon og rolle — eller ut frå eit syntaktisk og eit semantisk perspektiv på kasus — er gjennomført på ein informativ måte. Nokon tydeleg samanheng mellom kasusanalysen og analysen av "vokaltecken i ordfinal stavelse" (kap. 4. 4) er heller ikkje her lagt fram. Desse to fenomen blir gjennomgåande, om eg les dette rett, presenterte som fenomen i seg sjølv. Men dei har vel endå så mykje med kvarandre å gjera for avhandlinga som heilskap at dét kanskje tydelegare burde ha vore understreka — og plassen å gjera det ville vel nettopp vera i kap. 4. 4.

Ut frå det som er sagt om avhandlingens "syfte", blir kapittel 5 "Substantivbøyningen i brevkorpussen" heilt sentralt, eller dét sentrale. Her blir det — ut frå den analysemodell som er presentert i det føregåande kapitlet, diskutert kva generaliseringar det går an å gjera om substantivets bøyning. Eit oversyn over kva substantivformer som er realiserte i materialet, er presentert — oversiktleg og greitt — i tabellarisk form i eit bilag til slutt i avhandlinga, s. 301–319. I hovudsak, kan vi vel seia, at analysen får fram eit overordna mønster som gir oss bilete av variasjon mellom, på ei side det som er kalla endelsesnominativ og umarkert eller endelslös nominativ i maskuline substantiv. På den andre sida er det påvist ein tilsvarande variasjon mellom morfologisk markert og morfolo-

gisk umarkert dativ — eller som det også er kalla i avhandlinga — “ändelsesdativ” og “ändelseslös dativ”. Dette er altså eit hovudmønster eller eit overgripande mønster, der det er påvist, interessant nok, variasjon dei ulike substantivgrupper imellom. Med den reservasjon som ligg og må liggja i at det undersøkte materialet frå den eldste delen av den ca. 40-årige perioden materialet dekkjer, er lite, så går det klårt nok fram at denne slags variasjon innom substantivbøyninga følgjer eit kronologisk mønster. Det vil seia at dei variasjonar som kunne tenkjast å komma til syne ut frå brev eller brevgruppers proveniens eller som kan relaterast til skrivaratribusjonar, har lite og ingenting å seia, medan kronologisk variasjon trer relativt tydeleg fram. Her gjeld det — kanskje ikkje spesielt overraskande — variasjon mellom markert og umarkert kasus. I det undersøkte brevmaterialet synest overgang frå markert til umarkert kasus å ha gått svært raskt. Vi skal ikkje her gå inn i nokon detalj korkje av analysen eller dei resultat som er framlagde. Nokre generelle ting kunne det likevel vera interessant å ta opp også her.

Det metodiske rammeverket som er brukt, som vi alt har vore innom, blir understreka eller presisert i kap. 5 — dette som altså er framstilt som “ett poststrukturalistisk ramverk” (s. 147, 193). Det blir mest utførleg tatt opp og gjort greie for dette i kap. 5.5.1 (s. 146–148). Dette rammeverket, blir det sagt, har utgangspunkt i det Ferdinand de Saussure seier konstituerer “ett paradigm” — “une déclinaison” er vel det uttrykket han brukar. For Saussure er ein slik déclinaison — som det er sitert på side 147 i avhandlinga — “varken en lista med former eller en serie logiska abstraktioner utan en kombination av båda [...]”. Av den grunn, om eg førstår framstillinga rett her, er det søkt å kombinera form og funksjon i analysen av kasus i materialet. Og det er vel vidare rett å understreka at for Saussure er det det solidariske forholdet mellom form og syntaktisk funksjon som er så viktig — “formes et fonctions sont solidaires, et il est difficile, pour ne pas dire impossible, de les separer” (s. 186 i 1969-utg.). Dette synet er gjennomført i heile dette kapittel 5, slik eg les avhandlinga. Det synest, utan å vera sagt eksplisitt, å vera grunnlaget for den segmentering av ordformer som er gjort i kap. 5.2, det vil seia identifiseringa av dei former som finst belagt for kvart substantiv i ulike funksjonar. Så langt synest eg det er greitt å følgja det teoretiske grunnlaget for analysen.

Når det gjeld det som er kalla det poststrukturalistiske i dette, byggjer det, ettersom det er sagt, på Paul J. Thibaults nylesing av Saussure — *Re-reading Saussure* frå 1997. Liksom Saussure skil også Thibault i sin lesemåte mellom begrepa *langue* og *parole*. Ein kan altså ha som teoretisk

utgangspunkt at det under den realiserte språkbruk — *la parole* — ligg eit abstrakt system — *la langue*. Så vidt eg kan sjå, innfører ikkje den post-Saussurianske lesemåten noka endring her i forhold til Saussure. Det vil også seia at teorien har talespråket med som eit aspekt ved språksystemet, kan vi vel seia. Når det då i avhandlinga her, i kap. 5.5 om kasussystemet i brevkorpuset (s. 147) er presisert at analysen har eit reint "skriftbruks-perspektiv", blir eg litt meir usikker når det gjeld forholdet til teorien. Det er sagt slik på s. 147 i avhandlinga:

Det system som traditionelt används som verktyg för att ordna substantivformerna i ett paradigm är numerussystemet och kasussystemet. *Min analys skiljer sig emellertid från den äldre forskningstraditionen på en viktig punkt, eftersom jag betraktar språkmaterialet utifrån ett skriftbruksperspektiv istället för ett ljudhistoriskt perspektiv* [mi uth.]. Funktionerna eller betydelserna i paradigmet motsvaras inte av bestämda fonetiska tecken, utan av grafiska tecken. De paradigm som upprättas är därför inte paradigm i första hand över substantivböjningen i ett abstrakt språksystem, utan över substantivböjningen sådan den realiseras i de undersökta breven.

Det som i første omgang blir uklart i denne samanhengen, er om det som i sitatet er kalla "den äldre forskningstraditionen", er meint strukturalismen i meir tradisjonell form (den reknar jo med dikotomien tale *skrift*) eller er det den før omtala junggrammatiske tradisjonen? Eller er det den før nemnde poststrukturalistiske teori og metode bygd på Thibault som er meint? Ein kan stilla dette spørsmålet ettersom det etter min lesemåte blir usikkert om forfattaren her meiner å etablera ein eigen reint skriftbruksbasert teoretisk posisjon eller ei.

I avhandlinga er det Thibault-inspirerte begrepet *kluster* brukt for å få fram at språkelege distinksjonar ikkje er utgjort av enkelte, maksimalt distinktive former, men av såkalla *klusters* av former. Dette synest godt nok motivert i den samanhengen det er brukt i avhandlinga. Det vil altså seia at ei morfologisk markering kan utgjerast av eit *kluster* av former, eller av realiserte former skulle vi vel helst seia. I analysen er det så gjort nytte av det saussurianske skiljet mellom eit *perspective prospective* og eit *perspective rétrospective* i diakron lingvistikk. I analysen av substantiva i korpuset er desse sorterte etter funksjon og tyding av ulike kasus og måten dei er realiserte på. Slik sett er det mogleg å få fram kva kluster av former som utgjer morfologiske markeringar vis-à-vis andre kluster. Ved då bl. a. å ta i bruk kvantitative berekningar, kan det avgjerast kva former som er dei mest utbreidde innom dei ulike *kluster* m. v. Ved retrospektiv

analyse kan så eventuelle utslag av kasusoppløysing diskuterast o.s.b. Dette er, slik eg ser det, alt saman metodiske grep som i avhandlinga er greitt motiverte. Men det er altså søkt å halda eit konsekvent skriftbruksperspektiv i analysen av dette materialet — med utelating av “ett ljudhistorisk perspektiv” og dermed dei talespråklege sider ved systemet, samstundes som det saussurianske skiljet mellom *parole* og *langue* synest søkt å vera halde ved lag. *La parole*-nivået synest det problemfritt å forsvara teoretisk også når perspektivet konsekvent er lagt på skriftbruk i den perioden vi har med å gjera her, 1300-talet. Ein kan då sjå den beskrivne variasjonen — f. eks. i endingsvokalisme — som uttrykk for eit performativ-nivå. Men mitt spørsmål og min tvil er om ein også skal kunna rekna med eit abstrakt nivå her — eit nivå som altså skulle tilsvara *la langue* hos Saussure og for så vidt hos hans etterfølgjarar? Det kan nemleg sjå ut til at det i avhandlinga er rekna med ein slik dimensjon. På s. 194 f. er det tale om “abstraherande paradigm, eftersom flera än ett kluster kan förekomma i ett och samma kasus, och ett och samma kasus kan realiseras av flera kluster”. Er dette å forstå som eit pedagogisk grep til hjelp for oss som leserar, eller er det meint som eit slags *la langue*-nivå også på skriftbruksplan, synest det grunn til å spørja, ettersom det på s. 195 er tale om å “upprätta två idealiserade mönster” med omsyn til realisering av nominativ og dativ, og f. eks. i kapittel 9 “Sammanfattning” på s. 283, om “det underliggande skriftspråk-system som reflekteras i de medeltida breven”.

Det springande spørsmålet her blir, slik eg ser det, om det er mogleg å tenkja seg ein normeringsprosess av eit folkemålsbasert nordisk skriftspråk i mellomalderen utan å ta det som her er kalla det “ljudhistoriska” i betraktning? Det kan også utanom dei sitat som er gjevne ovanfor, sjå ut til at ein slik teoretisk posisjon er søkt etablert. Og her synest eg at framstillinga bli unødvendig spekulativ. Problematikken kring desse ting er først og fremst tematisert i avhandlingas kapittel 8 “Organisationen av skriftspråket”, der oppfatninga av “det underliggande skriftspråksystemet” (jf. s. 257) er eit gjennomgående tema. Her blir dei funn som er gjorde om substantivets former og bruk av endingar generelt i brevmaterialet, oppfatta som uttrykk for ein så “snabb förändring” at det “knapast kan förklaras genom en spontan förändring som reflekterar förändringar i talspråket” (s. 259), og endringane blir tolka som “en medveten strävan att standardisera skriftspråket” (s.st.). Dette blir gjentatt på s. 260, der det er ytterlegare understreka: “Det tycks därför inte rimligt att anta att förändringen direkt skulle återspegla förändringar i talspråket under den undersökta perioden” m. v.

For å underbyggja oppfatninga av ein slags underliggende felles skriftspråknorm i andre halvdelen av 1300-talet, blir det så sett fram nokre hypoteser, kan vi seia. Den første av desse er då “att det är något som sker i själva utbildningsväsendet under denna period” (s. 263). Den andre — og den blir eksplisitt sett fram som ein “tes”: “När det gäller breven på svenska är de i sin komposition tydliga efterhärmlingar av de latinska, både i komposition och formler. Men *min tes* är att även skriftspråket i dem hade det latinska skriftspråket som förlaga i vid bemärkelse. Men hur kan en sådan förlaga ha sett ut under 1300-talet?”, spør forfattaren seg — og det same gjer herverande meldar. Det er slikt som dette eg meiner med “unødvendig spekulativt”.

Og det litt merkelege her blir vel då at etter det eg les som eit forsøk på å sannsynleggjera eksistensen av eit skriftspråkleg *competence*- eller *la langue*-nivå, så synest det i kapittel 8.2 “Konstruktionerna av fornsvenskan” (s. 270–274) å skje noe som vi med ein metafor frå skihoppersporten ville kalla for å “trekkja seg i svevet”. På s. 271 er det nemleg sagt som så: “Den systematik som kan urskiljas i brevens skriftspråk kan således lika gärna vara en reflektion av en systematik som fanns i talspråket som att det är ett resultat av att skrivarna organiserade sitt skriftspråk utifrån en mer eller mindre medveten grammatiske modell och ortografi”.

Og der er vi vel, sett frå ein teoretisk synsvinkel, tilbake til utgangspunktet? Det vil, slik eg ser det, seia at for spørsmålet om skriftspråksnormering på dette stadium av språkhistoria er vanskeleg å komma utanom den talespråklege sida av språksystemet.

I oppsummeringskapitlet heilt til slutt i kapittel 9 er det konkludert på følgjande måte: “Min undersökning har (även) visat att representativiteten i det bevarade materialet sannolikt är betydligt bättre än vad som tidigare ansetts. Förutom att språket i breven kan fastas till ett visst datum och en viss ort, är det även värdefullt eftersom det trots dess formelbundenhet är mycket varierande, både i de mest stereotypa formulerna liksom i den friare formulerade texten. Breven har därför möjliggjort en analys av variationer i skriftspråket beträffande utomspråklig kontext som tidpunkt, plats, skrivare, kansli *och även språklig kontext som texttyp*”[mi uth.] (s. 283 f.). Dette kan ein godt samstemma om svært langt på veg. Når likevel dette med texttyp her heilt i finalen er nemnt, kunne det nok vera nyttig å understreka tydelegare også den begrensing som ligg i den uniforme teksttypen her — altså teksttypen brev. Det er jo eit fenomen som har hatt særleg merksemd i historisk lingvistikk i det siste — dette med “textual parameters and older languages”. Det er til og

med tittelen på ei samling studiar over dette fenomenet, publiserte av Susan Herring, Pieter van Reenen & Lene Schøsler (2000).

La oss då avrunda med ein liten avsluttande refleksjon over eit fenomen som er løfta fram i avhandlinga (på s. 248), der det er vist til det Lars Sjödin i si tid karakteriserte som ein tydeleg "*Uppsala-stil*" hos ein del skrivrarar på 1350- og 1360-talet. Det kunne i den samanheng kanskje ha interesse å peika på at historikaren Grethe Authén Blom i verket *Norge i union på 1300-tallet* (Trondheim 1992) har tatt tak i nettopp dette og påviser eit skifte i handstilen i den norske delen av kongskanselliets omkring 1370. Ho konkluderer slik når det gjeld dette: "En sammenlikning med svenske diplomer rommer liten tvil. Det er *Uppsala-stilen* som har holdt sitt inntog i det norske kanselli med Henrik Henriksson og hans kolleger" (s. 745).

At skrifta i kongebreva fekk eit nytt uttrykk på denne tida har lenge vore registrert som eit faktum i norsk språkhistorieskriving, men har ikkje vore heilt forstått. Dette svenske innslaget i kongskanselliets norske brev er altså særleg understreka av Blom. Ho seier det vidare slik (s. 766): "Skriftanalysene gir i det minste grunnlag for å hevde at kong Håkon satte velutdannede, svenskfødte klerker i de beste stillingene ved Mariakirken. Etter behov benyttet han dem enten i reiseskrivertjenesten eller ved opphold på Akershus. Brevene burde kunne danne grunnlag for en interessant språkhistorisk studie".

Den analyse av det svenske skriftspråket vi har i og med Rakel Johnsons avhandling, kunne vel i tråd med Bloms ønske vera eit mogleg grunnlag for vidare studiar også når skrivrarar av dette skriftspråk produkserte andre former for språk, og då tenkjer eg ikkje utelukkande på forholdet til latin, som er det meir opplagte, men altså også på forholdet til nabospråket norsk.